



Deloitte AS

Dato: 19.02.2015  
Vår ref.: 2014/10498-39  
Dykkar ref.:

## Partsbrev - Bruk av elektronisk innkjøpssystem i Hordaland fylkeskommune - Fylkesrådmannen orienterer om status

Kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune gjorde slikt vedtak i møte 16.2.15 i sak PS 10/15:

### «Saksprotokoll i kontrollutvalet - 16.02.2015

#### **Handsaming i møte**

Fylkesrådmann Rune Haugsdal orienterte om tiltak som er sett i verk/planlagt sett i verk for å få fleire til å bruke det elektroniske innkjøpssystemet og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Det kom m.a. fram at Hordaland fylkeskommune er i ferd med å innføre styringssystemet QlikView som skal hjelpe administrasjonen til å følge opp denne problemstillinga. Kontrollutvalet ber Deloitte sjå særskilt på dette i samband med årsoppgjersrevisjonen.

Etter dette vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

#### **Vedtak**

1. Kontrollutvalet ber Deloitte sjå særskilt på innføringa av styringssystemet QlikView i samband med årsoppgjersrevisjonen.
2. Informasjonen vart elles teken til orientering.»

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Roald Breistein  
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.